
Saksnr: 2021/2704-2
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren
Dato: 27.01.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Frå mål og strategiar til handlingsprogram

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i PS 139/2020 - temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025.

1. Fylkestinget vedtek temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.
2. Fylkestinget vedtek at temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025 skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren.
4. Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021 - 2025 der tiltak og prosessar er tidfesta og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbod i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Fylkesdirektøren legg i dette notatet fram:

- Arbeidet med tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021 - 2025.
- Oppfølging og implementering av styringsdokumentet Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar.

Handlingsprogram

Fylkestinget sine [mål og strategiar](#) for å auke gjennomføringa føreset at vidaregåande opplæring blir fornya og forbetra. Retninga, auka gjennomføring, legg til grunn ei plikt og eit ansvar om at skuleeigar og skuleleiing involverer breitt, samarbeider og samarbeider om felles retning.

For å nå målsettingane i vedtaket må handlingsprogrammet sine prioriterte tiltak ferdigstillast før prosessen med budsjett- og økonomiplanarbeidet startar. Altså må handlingsprogrammet seinast handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse sitt møte 26. august 2021 slik at handlingsprogrammet ligge grunn for prioriteringar for økonomi- og budsjettprosessen for 2022.

Fylkesdirektøren legg følgjande element til grunn for å utvikle tiltak- og ressursprioriteringar i handlingsprogrammet

- Mål og strategiar - Fornye og Forbetre -auka gjennomføring
- Fagfornyinga
- Innføring av Visma in School
- Resultatdata (nasjonale og lokale) som grunnlag for kva tiltak som skal fornye og forbetre opplæringa
- Budsjettgjennomgang

Avgjerande for kvaliteten i handlingsprogrammet er at heile sektoren medverkar, samhandlar og tek eigarskap i tiltaka som skal fornye og forbetre og auke gjennomføringa.

Dei vidaregåande skulane sine utviklingsplanar

Fylkesdirektøren ser det som viktig at tiltaka i handlingsprogrammet rettar seg mot nokre få gjennomgåande tiltak om ein skal lukkast. Samtidig må programmet gi handlefridom til lokale forbetningsområde i skulane sine pedagogiske utviklingsplanar.

Dei vidaregåande skulane sine pedagogiske utviklingsplanar skal konkretisere tiltak for å fornye og forbetre opplæringa. Dette arbeidet må skje som ein del av profesjonsfelleskapet. Kvalitetsutviklingsverktøyet, struktur-, prosess- og resultat kvalitet skal nyttast til å identifisere og grunnkje tiltaka.

Skulen sitt utviklingsarbeid må byggje på å inkludere, aktiv involvere og medskaping ved skulen sine medarbeidarane og rettleiingstenesta.

Skulane sine utviklingsplanar skal vere ferdigstilt hausten 2021.